



ALVER
KOMMUNE

Øystein Sulebakk
Grønlandsvegen 20
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1665 - 20/80748

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
18.12.2020

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

Tiltak: dispensasjon for bruksendring fra naust til næring
Byggjestad: Gbnr: 1/80
Tiltakshavar: Øystein Sulebakk
Ansvarleg søkjar:

Klage på vedtak om dispensasjon for opparbeiding av parkeringsplassar i tilknytning til bruksendring frå naust til næring - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 09.12.2020, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 176/20 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje då parkeringskravet er oppfylt gjennom parkeringsavtale. Vedtak i sak 20/1665, datert 02.09.2020, vert gjort om til følgjande:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføremålet fiskeribruk/fiskerihamn i reguleringsplan, frå byggjegrense mot sjøen og frå områdeplankrav for bruksendring av naust/sjøbu til næringslokaler på gbnr 1 /80, 1 /285 på Flatøy i Alver kommune.

Det settast vilkår om at kopi av tinglyst parkeringsavtale, med same innhald som avtalen datert 26.10.2020, sendast kommunen.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kommunen orienterer om krav til bruksløyve

Tiltaket, bruksendring frå naust/sjøbu til næringslokaler er avhengig av bruksløyve etter pbl. kap. 20. Dette gjeld generelt i dispensasjonssaker som krev søknad etter kap. 20. Dersom ein ikkje kjenner regleverket, så kan ein tru at det er tilstrekkeleg med dispensasjon før ein tar bygget i bruk til nemnte føremål.

I noverande sak, så er det ikkje tillat å ta bygget i bruk til næringslokale før det er gjeve bruksløyve til denne bruken. Dersom bygget tas i bruk før bruksløyve ligg føre, så er dette eit ulovleg tilfelle som vert følgt opp av kommunen.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak om dispensasjon for opparbeiding av parkeringsplassar i tilknytning til bruksendring frå naust til næring - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

Parkeringsavtale med kart oversendt Statens Kartverk for tinglysning - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

Parkeringsavtale til tinglysning

Klage på vedtak om dispensasjon for opparbeiding av parkeringsplassar i tilknytning til bruksendring frå naust til næring - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

E-post korrespondanse - status i klagesaka - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

Klage på avslag på dispensasjon for bruksendring frå naust til næring - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

Klage på vedtak om dispensasjon frå parkeringskravet vert oppretthalden - gbnr 1/ 80 og 285 Flatøy

Klage på vedtak om dispensasjon for bruksendring vert trekt - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

Kopi til:

Kopi til:

Barbro Wiig Sulebakk

Grønlandsvegen 20

5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Barbro Wiig Sulebakk

Grønlandsvegen 20

5918

FREKHAUG

Øystein Sulebakk

Grønlandsvegen 20

5918

FREKHAUG